

Leikanger KYRKJELYDS BLAD

Nr. 3 - 2017 Årgang 71



I Jesu fotefar
- Kjøa er lang. Tolmodig må du vera.



Gud i snikkarverkstaden - Advent og jul
av Halvor Nordhaug



Kva skjer i i Leikanger kyrkje



Oversikt over tilsette, kontaktadresser og telefonar:

ADMINISTRASJON LEIKANGER OG SOGNDAL

KYRKJEKONTOR

Besøks-/postadresse:

Kyrkjevegen 6, Stedjetunet, 6856 Sogndal

Tlf sentralbord: 57 67 99 85,

E-post: post@sogndal.kyrkja.no

KYRKJEVERJE:

Jorunn Merete Haukås-Eide

Telefon mobil: 404 76 682

E-post: kyrkjeverje@sogndal.kyrkja.no

jorunn.merete@sogndal.kyrkja.no

SOKNEPRESTEN I LEIKANGER OG NORUM:

Vegard Bondevik Lie

E-post: vegard@sogndal.kyrkja.no

Tlf: 906 19 080

KYRKJETENAR/REINHOLDAR:

Cristina Sandor

E-post: cristinasandor82@yahoo.com

Tlf. 482 17 237

KANTOR:

Hallgeir Øgaard Westli

E-post: hallgeir@sogndal.kyrkja.no

Tlf: 940 03 834 Heimeside: www.hallgeir.com

SOKNERÅDSLEIAR:

Björg Anda

E-post: bjorganda@gmail.com

Tlf: 476 76 893

KYRKJELYDSPEDAGOG

Monica Ugulsvik

monica@sogndal.kyrkja.no

Tlf 906 17 319

LEIGE AV KYRKJELYDSHUSET:

Björg Anda

E-post: bjorganda@gmail.com

Tlf: 476 76 893

www.leikanger.kommune.no/kyrkja

Informasjon om Leikanger kyrkje, tilsette og gudstenesteliste

www.sogndal.kyrkja.no Informasjon om

kyrkja i Leikanger og Sogndal

www.facebook.com/leikangerkyrkja

www.kyrkja.no Kyrkja sentralt sin nettside

www.kyrkja.no/bjorgvin Bjørgvin

bispedømme sine heimesider

www.kyrkjefolk.no

om boka Kyrkjefolk

LEIKANGER KYRKJELYDSBLAD

Organ for Leikanger sokneråd

Redaksjon: Åse Kongsvik, Hege Feet Askvik,

Kirsti Svangstu, Bjørn Søltnæs og Sindre B.

Ramung, Sigrid Svartefoss

Kasserar for bladet: Reidar Tjønn

Layout: Elianne Eggum

Trykk: Husabø prenteverk

Framsidedo: Egon Askvik (samt andre umerka bilete i bladet)

Ei heilt vanleg vinternatt

*I en natt så klar og kald,
av en ung og tapper mor.
I en krybbe, i en stall,
fødtes håpet til vår jord.
Så umerkelig så stille,
Byens gater helt forlatt.
Ingen opptog for den lille,
lyset kom en vinternatt.*

Dette er første verset av ein julesalme Bjørn Eidsvåg har skrive, nummer 69 i salmeboka.

Så umerkelig, så stille. Eg synest at dette verset får fram kor enkelt, fattigsleg og stille Jesus eigentleg blei fødd. Det var ei heilt vanleg vinternatt, ingen fest og jubel. Berre eit ungt par som prøvde å gjere det beste ut av ein vanskeleg situasjon. Dei var på reise, Maria var høggravid og dei hadde berre fått overnattingsplass i ein stall.

Slik vart Jesus fødd. Slik kom Gud til jorda, då Han sjølv vart eit menneske. Denne enkle, fattigslege og stillferdige fødselen er det vi feirar i julehøgtida.

Gud ville med Jesu fødsel vise oss menneske at Han vil vere saman med oss. Difor kunne Han ikkje bli født i eit slott med stor jubel og pomp og prakt. Nei, i det ubeskytta og sårbare barnet i dei enkle omgjevnadene, var Gud. Dette fortel oss at Gud vil vere nær oss. Han ynskjer å vere nær oss også i det heilt enkle og fattigslege, det kvardagslege og stillfarne. Rett og slett i det heilt menneskelege.

*I det stille til de små,
bringer Jesus håp og fred.
Og han kommer da som nå,
fra sin himmel til oss ned.
Julenatt med lys og glede,
minner oss om Gud som kom.
Evig er han her tilstede,
nå står grav og krybbe tom.*

Jula handlar om Guds nærleik. Gud vil vere nær deg og meg. Difor kom Han til jord som eit menneske, født i all enkelheit i ein stall ei heilt vanleg vinternatt.

God jul!

- Sokneprest Vegard Bondevik Lie

I denne utgåva kan du lese om:

I jesu fotefar	Side 3
Gud I snikkarverkstaden	side 7
Kva skjer i advent og jula i Leikanger	Side 8
Ny møteplass for internasjonalt dame treff	Side 10
Fargerik førjulssamling	side 10
Mitt hjerte alltid vanker	side 12
Nytt frå fellesrådet og kyrkjeverja	side 14
...og mykje meir	frå side 16.

I Jesu fotefar

Betlehem: Kjøa er lang. Tolmodig må du vera då kjøa utruleg sakte bevegar fram mot grotta der Jesus vart fødd.

Å koma til Betlehem, er å reisa i fotefara til Jesus, slik me lærde i bibelsogetimar. Sei Betleheim, og me tenkjer automatisk på jul.

Eg står i Fødselskyrkja saman med seks andre norske, som er med på turen Lærdal kommune i samband med 20-års markeringa av venskapsavtalen med Jeriko.

Døra inn til kyrkja er låg, og me måtte bøya hovudet for å koma inn. Du må ha god tid når du er i Fødselskyrkja, i alle fall om du vil ned i grotta og sjå fødestaden til Jesus. Årleg søkjer to millionar turistar seg til byen, som for dei kristne er ein av dei viktigaste heilagstader: Fødselskyrkja er bygd over staden der Jesus skal vera fødd, i ein stall.

Kjøa er like lang som kyrkja. Ja, endå lengre då kjøa buktar seg på bae sider av ein vegg, og me står tre til fire i breidda. Nesten ein time stod me



FØDESTADEN: Den store stjerna viser fødestaden til Jesus. Fødselsgrotta er hogge ut i fjellet under kyrkja, og det heng mykje lyslykter ned frå taket.

Betlehem - byen frå juleevangeliet, slik me les i Lukas- og Matteusevangelia.

«I dag er det fødd dykk ein Frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren».

I juleevangeliet les me om Josef og Maria som reiste frå Nasaret til Betlehem for å skriva seg inn i manntalet. «I dei dagane let keiser Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda...

Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntal. Josef òg fór frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen som heitte Betlehem.

«Medan dei var der kom tida då ho skulle føda, ho fekk ein son, den førstefødde, ho sveipte han og la han i ei krubbe for dei fann ikkje husrom nokon stad».



PILEGRIM: Ei av dei mange pilegrimane kysser ikonet av jomfru Maria og Jesusbarnet.

Ei eiga stemning ligg over kyrkjerommet. Det er lett å sjå at mange endeleg har fått oppfylt draumen å koma til Betlehem og Fødselskyrkja. Mange tenner eit lys, kysser eit ikon, medan andre står andektige og ventar på å ta eit nytt steg fram mot trappa som fører ned til grotta, Jesus fødestad.

Ei stor gruppe spanjolar står framfor oss, og bak held ein myndig guide styr på amerikanarar, canadiarar og australiarar.

– Dei norske må òg få koma fram. Pass på, seier han til oss, og me smiler og takkar glade over at han har omtanke for oss norske lutheranarar.

Nesten ein time tok det før me kom fram til trappa som fører ned til fødestaden i grotta. Då er det greitt at det heng mange måleri og ikonar på veggene.

Og me snakkar om Josef. Korleis var denne mannen som heldt fast på festarmøya si Maria, som var med barn sjølv om dei ikkje var gifte?

Endeleg er me komne heilt ned. Nokre gjer korsets teikn, tårer renn, medan andre kastar seg ned, kryp nesten på alle fire fram og kyssar stjerna.

Fødselsgrotta er ei trong lita underjordisk hole, hogge ut av fjell under hovudalteret i kyrkja. Eg vert trykt mot den 14 tagga stjerna, som markerer fødestad.

«Hi de virgine Maria Jesus Christus natus est (Her vart Jesus Kristus fødd av Jomfru Maria).

Det var natta då hyrdar på Betlehemsmarka såg englar og fekk høyra himmelsk korsong:

Fred over jorda,
menneske fryd deg!

Oss er ein evig Frelsar fødd!

«Eit barn er fødd i Betlehem» er ein av dei mange julesongane som vert sunge i kyrkjer over heile verda. Vår eigen Jakob Sande er meister for vår kjære «Det lyser i stille grender».

«Kvar er den jødekongen som nett er fødd? Me såg stjerna hans då ho syntte seg i dagsranda», sa dei vise

menne frå Austerland då dei kom til Jerusalem der Herodes var konge.

*Alf Prøysen skriv jordnært om den skinande stjerna:
Dra krakken bortått glaset, så sett vi øss og ser,
og prøve finne leia der julestjerna er,
den blankeste ta alle, hu er så klar og stor
– du ser a over taket der Jordmor-Matja bor."*

Fødselskyrkja stod ferdig i år 339, og er den viktigaste heilagdomen i Betlehem. Lokale kristne peika ut staden der den første Fødselskyrkja skulle byggjast, men interiøret er prega av korsfararane som strøymde hit.

Her har vore samanhengande kyrkjeliv i nesten 1700 år, og skal vera den eldste kyrkja som framleis er i bruk. Kyrkja vart øydelagd rundt 530, og tre år seinare vart ei ny kyrkje bygd. Frå 1099 til 1187 fekk korsfarane bygd ut kyrkja, og det er på denne tida dei mange kunstverka og mosaikken kjem på plass. Like eins ein del av dei 50 søylene som strekkjer seg mot himmelen inne i kyrkja.

Kyrkja er ein verdsarv, akkurat som Urnes stavkyrkje, men Fødselskyrkja er bygd i stein og er så stor, men stavkyrkja på Ornes ruvar i landskapet òg.

Sidan 2013 har det vore eit omfattande arbeid med å restaurera kyrkja. Først tok dei taket, så mosaikkgolvet og fasadar. Mange av kyrkjeveggene er dekkja til. Eit 30-tals søyler er òg dekkja til.

Heilag-Olav er ein av helgane som er måla på ei av søylene. Det skal vera det eldste biletet av den norske helgenkongen. Han vart måla nærare 150 år etter at han vart drepen i slaget på Stiklestad, men så vert han rekna som den største og viktigaste helgenen i Norden. Difor ville korsfarane ha bilete av Olav på ei av søylene i fødselskyrkja.. Etter så mange år skal måleriet vera så svakt at det er vanskeleg å sjå den norske helgenkongen. Kanskje det vil verta meir synleg når det omfattande arbeidet med å restaurera kyrkja er ferdig til neste år?

Under har hendt før, og det berre for eit par år sidan. Då mørtel og gips varsamt vart skrapa av ein av veggane, kom eit ca. 2,4 meter høgt mosaikkbilete av ein engel til syne. Andletet er belagt med perlemor og glorien er i gull. Engelen er vendt mot grotta der Jesus skal vera fødd.



BYGGJEARBEID: Stilas på stilas i det store kyrkjerommet. Sidan 2013 har det vore eit omfattande restaureringsarbeid i kyrkja. K' arbeidet vera ferdig.

Maria og Josef hadde hatt store vanskar med å reisa frå Nasaret til Betlehem i dag, og dei måtte ha passert mange sjekkpunkt. Fødselskyrkja i Betlehem og gravkyrkja i Jerusalem er umåte viktig for kristne palestinarar, opp gjennom hundreåra sett det som særskilt viktig å ta vare på dei heilage stadane.

Kristne palestinarar frå Betlehem får no ikkje lenger reisa til Jerusalem, og kristne palestinarar i Jerusalem har forbod å reisa til Betlehem. På Betlehemsmarka er det ingen hyrdar.

Etter den andre intifadaen bygde Israel ein mur tvers gjennom det viktigaste handelsområdet i Betlehem, og muren avskjer Jesus fødebyen frå Jerusalem der gravkyrkja er.

Der krubba eller kanskje det er rettare å seia grunnsteinen til den kristne kulturaven stod, er dei kristne no vorte ein liten minoritet. Dei siste åra har stadig fleire kristne reist frå området.

Når kyrkjeklokkene ringjer jula inn, er det med ynskje om fred til alle.



HEILAG-OLAV: Ei av dei 30 søylene i Fødselskyrkja. Vår eigen Heilag-Olav har fått biletet sitt måla på ei av søylene, men den søyla var dekket til.



BLANKPUSSA: Ein mann heng på plass att ei av mange blankpussa røykelsekar.



MOSAIKK: Denne mosaikken er frå 300-talet, og vart oppdaga i 1934. Det er bygd eit nytt golv for å verna det flotte mosaikkarbeidet.

Gud i snikkarverkstaden

Jula sin løyndom - for ikkje å seie jula sitt mysterium - er at Gud går inn i menneskekroppen. Det er dette vi kallar «inkarnasjonen» som betyr «å gå inn i kjøttet». Det er kanskje ikkje ei vakker formulering, men den er treffande. Når Gud lét sonen sin bli menneske, skjer det ikkje i det høge og fjerne, men på golvet i ein snikkarverkstad i småbyen Nasaret.

Dette biletet, som er malt av den engelske kunstnaren John Everett Millais i 1850 og heng i Tate Gallery i London, viser ein svært realistisk og nær scene frå denne verkstaden. Men her er det gøymt mange løyndomar.

På overflata ser vi at biletet framstiller Josef, Maria og Jesus - i tillegg til to arbeidsfolk og ein gut med eit vaskefat. Josef sine armar er sterke og med tydelege blodårer. Golvet er dekt av spon. Maria trøystar Jesus som har fått eit sår i handa frå ein av naglane som ligg på bordet. Utanfor vindaugget ser vi ein saueflokk som kikkar inn.

Då biletet blei utstilt fyrste gongen, vekte dei sterke reaksjonar. Avisa The Times kalla det «opprørande» at kunstnaren framstilte Den heilage familien som vanlege og enkle folk, og detaljert framstilte dei støvete og skitne omgivnadene. Forfattaren Charles Dickens kritiserte at Jesus var malt som ein sutrete, raudhåra gut i pyjamas. Sjølvsgat visste både The Times og Charles Dickens at kyrkja trudde på Jesus som både sann Gud og sant menneske, men her blei det menneskelege likevel litt for menneskeleg.

Det var likevel ingen andre måtar å bli menneske på for

Gud enn å gå heile vegen inn i det konkrete. Guds son landa midt i verda vår med alt det som følgjer med livet i kjøttet: blod, arbeid, støv, svette og husdyr. Jesus viser oss at ingenting menneskeleg, sjølv ikkje det aller lågaste og vanlege, er skjult eller framand for Gud. Det gjeld framleis. Guds son har delt livets vilkår og veit kven vi er. Vi treng difor ikkje bruke mange ord når vi ber, men kan nemne augneblinken vår for Jesus i tillit til at han veit kva den rommar.

Eg veit ikkje om dei som kritiserte biletet den gongen tok inn all symbolikken som er skjult i detaljane. Her kjem nemleg ein større, guddommeleg dimensjon til syne i det kvardagslege: Jesus har blod på handa, han er sår av ein av naglane på bordet, slik han seinare skal bli det på krossen. Langs veggen står ein stige, og på den sit ei due. Dua er symbolet på Den Heilage Ande som viste seg over Jesus då han blei døypt og Faderen si røyst lydte frå himmelen: «Dette er Son min, han som eg elsker, i han har eg mi glede.»

På veggen heng ein trekant. Den er ikkje berre eit verktoy, men også eit symbol for Treeininga: Faderen - Sonen - Den Heilage Ande. Guten som kjem inn med vaskefatet er Døyparen Johannes, ein slektning av Jesus. Og utanfor ventar sauene, eit symbol for oss, folket som treng Den gode hyrdingen.

Dette biletet fortel oss at Gud i Jesus er komen inn i den særdeles jordiske røynda vår, så nær som det er mogeleg. Det er det beste som har hendt verda vår. Det kan vi takke for denne jula. Eg ønskjer dykk alle ein god og velsigna julefest!

Halvor Nordhaug
Biskop i Bjørgvin



Bildetekst: Christ in the House of His Parents ('The Carpenter's Shop') 1849-50; Sir John Everett Millais, Bt 1829-1896; Tate, Purchased with assistance from the Art Fund and various subscribers 1921; Photo: © Tate, London. 2017

ADVENT OG JUL I KYRKJA

Måndag 4. desember

Kl. 18:00 Konsert: Julesong 2017

Tysdag 5. desember

Kl. 18:00 Øving for Luciakoret. Leikanger kyrkje. Sjå eigen notis i bladet.

Laurdag 9. desember

Kl. 15:00 Fargerik førjulssamling på Kyrkjelydshuset. Arrangør: Soknerådet og gode venner.

Søndag 10. desember

Kl. 20:00 Lysmesse

Onsdag 13. desember

Kl. 07:00 Lucia-frukost i Leikanger kyrkje

Søndag 17. desember

Tysdag 19. desember

Kl. 18:00 Øving med englekoret. Leikanger kyrkje

Fredag 22. desember

Kl. 17:00 – 21:30 Generalprøve på Julenatt i Leikanger. 1,5 t for kvar forestilling.

Julaftan

Kl. 12:00 Julegudsteneste på Leikanger sjukeheim

Kl. 12:00 Julenatt i Leikanger. Kyrkja. Kollekt til Kirkens Nødhjelp

Kl. 14:30 Julenatt i Leikanger. Kyrkja. Kollekt til Kirkens Nødhjelp

Kl. 16:00 Julenatt i Leikanger. Kyrkja. Kollekt til Kirkens Nødhjelp

Juledag

Kl. 12:00 Høgtidsgudsteneste i Kyrkja. Takkeoffer til Det Norske Misjonsselskap.

Juledag

Kl. 23:00 Midnattskonsert v/ Leikanger Musikklag

Nyårsafta

Kl. 16:00 Minnegudsteneste i kyrkja. Me minnst dei som er døde i 2017.

Laurdag 6. januar

Kl. 16:00 Julefest i Kyrkjelydshuset



Julaftan i Sogndal:

På Stedjetunet vert det open julaftanfeiring for dei som av ulike grunnar ikkje har nokon å feire jul med dette året.

Dørene på Stedjetunet er opne frå kl. 17, og det vert middag ca. kl. 17.30, og kaffi ca. 19.30. Du kan vere med på heile eller delar av kvelden, og avslutte når du sjølv vil. Men vi rundar av kvelden ca. kl. 20.30.

Vil du vere med på middagen, må du melde deg på – innan torsdag 14. desember, til diakon@sogndal.kyrkja.no, eller sms / tlf. til diakon 97416519.



Fargerik førjulssamling

... kom første gong i stand i desember 2015.

Soknerådet, med Egon i spissen, ønske å markera at me hadde fått mange nye sambygdingar, både frå Syria og Eritrea, det året. Me hadde lyst å laga til ein fest der me ønskte dei nye velkomne. Me i soknerådet stilte med norsk mat og drikke og mange av dei syriske og eritreiske familiane hadde med seg mat frå sine heimland.

Det vart ei hyggeleg stund, der me nokre timar tok pause frå juleførebuingar og hygga oss i lag på tvers av kultur, religion og språk.

Opplegget vart gjenteke i fjor og når me inviterer til samlinga i år og, kan me vel byrja å kalla det ein tradisjon.

Også i år vil me, med god hjelp av våre syriske og eritreiske venner, by på smakar som ligg langt frå det me er vane med til dagleg. Me vonar mange vil stikka innom og helsa på og kanskje bli kjent med nokre av dei som kjem langvegsfrå.

Me trur dette er ein fin måte å starta julefeiringa på – med å dela litt varme og gode opplevingar med menneske som har eit ganske annleis og meir krevjande liv bak seg enn oss sjølve.

Tid og stad:
Kyrkjelydshuset. Lørdag 9. desember kl 15.

Ny MØTEPLASS på Kyrkjelydshuset. Internasjonalt dametreff.

Soknerådet i samarbeid med flyktingtenesta, tok tidlegare i haust initiativ til ein ny møteplass. Det vart informert og invitert, gjennom oppslag og på Facebook. Damer i alle aldrar og med ulike nasjonalitetar, samlast derfor no annakvar mandag heilt uformelt over ein kopp kaffi eller te.

Det kan vera ulike behov ein har for å komma. Kanskje ønskjer ein å bli betre kjent med nye sambygdingar. Kanskje er ein ny i bygda sjølv og vil knyta nye kontaktar. Kanskje er det berre godt å setja seg ned og ta fram eit handarbeid og la praten gå, slik damer har gjort til alle tider.

Her er iallfall alle velkomne. Peisestova i Kyrkjelydshuset er passe stor og skapar ei varm og hyggeleg ramme om praten. Ein forpliktar seg ikkje til noko og det gjer ingenting om det varierer frå gong til gong kven som

kjem. Mange er heldigvis fleispråklege, slik at det ofte lagar seg med tolkehjelp om det er nødvendig.

Kort sagt - her skal det vera lav terskel for å ta turen innom.

Tid og stad:

Annakvar mandag i partalveker, kl 1930. Peisestova i Kyrkjelydshuset.

Og me avsluttar tidleg nok til at at me rekk å få oss ei god natts søvn før neste dag krev oss.

Vart du litt nysgjerrig? Ta turen innom då vel!

Helsing Åse og Monica – og mange fleire.





Mitt hjerte alltid vanker

Denne gongen har eg plukka fram ein gamal julesalme som vi syng i kyrkja julaftan. Salmen er skriven i 1732 av den danske diktaren Hans Adolph Brorson. Teksten har utspring i Lukasevangeliet, kap.2.12: «Og det skal de ha til teikn: «De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe»»

Brorson skreiv 11 vers, og desse var alle med i Hauges salmebok frå 1922. Seinare har det variert kor mange vers som er med, og i salmeboka vår frå 2013 står den med 8 vers. I tillegg til bokmål er ein lulesamisk og kvænsk versjon av salmen med i salmeboka.

*Mitt hjerte alltid vanker i Jesu førderom,
der samles mine tanker som i sin hovedsum.
Der er min lengsel hjemme, der har min tro sin
skatt;
jeg kan deg aldri glemme, velsignet julenatt!*

*Den mørke stall skal ære mitt hjertes frydeslott,
der kan jeg daglig lære å glemme verdens spott.
Der kan med takk jeg finne hvori min ros består,
når Jesu krybbes minne meg rett til hjerte går.*

*Men under uten like, hvor kan vel jeg forstå
at Gud av himmerike i stallen ligge må!
At himlens fryd og ære, det levende Guds ord,
skal så foraktet være på denne arme jord!
Hvi skulle herresale ei smykket for meg stå?*

*Hvi skulle herresale ei smykket for deg stå,
du hadde å befale alt hva du pekte på
Hvi lot du deg ei svøpe i lyset som et bånd,
og jordens konger løpe å kysse på din hånd?*

Salmen er populær. Med eitt enkelt søk på YouTube får vi opp eit utal artistar og kor som har framført denne lyriske teksten med den vakre, svenske folketonen. Tekst og tone i «skjønne foreining». Og dei syng vakkert: Ingebjørg Bratland, Sissel Kyrkjebø, Morten Harket, Helene Bøksle, diverse kjende og ukjende kor, og vår «eiga» Thea Hjelmeland frå Førde. Thea bruker stemma si på kreativt vis og får fram eit stemningsfult og spennande lydbilete. Dessutan syng ho på nynorsk! Mari Boine bruker morsmålet sitt, og mange vil kanskje hugse framføringa ho gav kronprinsparet då dei gifta seg i 2001. Inderleg og vakkert! Sjølv om vi

*Hvi lot du ei utspenne en himmel til ditt telt
og stjernefakler brenne, å store himmelhelt?
Hvi lot du frem ei lyne en mektig englevakt,
som deg i silkedyne så prektig burde lagt?*

*En spurv har dog sitt rede og sikre hvilebo,
en svale må ei bede om nattely og ro,
En løve vet sin hule hvor den kan hvile få –
skal da min Gud seg skjule i andres stall og strå?*

*Akk, kom jeg opp vil lukke mitt hjerte og mitt sinn
og full av lengsel sukke: Kom, Jesus, dog herinn!
Det er ei fremmed bolig, du har den selv jo kjøpt,
så skal du blive trolig her i mitt hjerte svøpt.*

*Jeg gjerne palmegrene vil om din krybbe strø,
for deg, for deg alene jeg leve vil og dø.
Kom, la min sjel dog finne sin rette gledes stund,
at du er født herinne i hjertets dype grunn!*

ikkje skjønar eit kvekk av det ho syng, rører det oss – i nettopp «hertet». Vi kjenner melodien, og hugsar kanskje teksten litt stykkevis og delt. Den same opplevinga får eg når melodien blir framført utan tekst, av Tine Thing Helset på trompet, eller Aleksander Rybak på fiolin. Vakkert!

Neste gong du høyrer salmen på radio eller konsert: Lytt til teksten, og la historia om det vesle barnet krype inn i hjarta ditt. God jull!

Signe Eikenes

Nytt frå fellestrådet og kyrkjeveerja

Reformasjonsjubileum

I 2017 er det 500 år sidan reformasjonen. Gjennom året har det vore fleire hendingar for å markere dette, både her lokalt og ikkje minst i Bergen som har fått tittelen «reformasjonsbyen». Ein av storhendingane i Bergen var Lutherfest-dagane i mars. Her lokalt har det mellom anna vore temakveld på De Heibergske Samlinger i april, og elles ulike gudstenester gjennom året der ulike tema frå reformasjonen har vore sentrale. Tysdag 31. oktober var sjølv reformasjonsdagen, og då var også hovudmarkeringa for Sogn prosti.

Sogndal – Leikanger – Balestrand

Som det er informert om tidlegare vil ei samanslåing av kommunane også få fylgjer for kyrkja. Det skal vere eitt kyrkjeleg fellestråd pr. kommune, og dermed vil ei kommunesamanslåing også få fylgjer for organiseringa av kyrkja her lokalt. Ein kan samanlikne endringane med ei verksemdsoverdraging, der dei tilsette vil få den nye eininga som arbeidsgjevar, fellestrådet vil bli samansett av representantar frå alle dei tre noverande kommunane, driftstilskot og investeringsmidlar vil kome frå den nye samla kommunen m.m. Dette er store endringar som krev god førebuing, og kyrkja har sett ned ei kyrkjeleg fellestemnd til å arbeide med desse tinga. Bjørg Anda, som er leiar i Leikanger sokneråd og nestleiar i Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellestråd, er valt til leiar av den kyrkjelege fellestemnda. Med seg har ho medlemar frå sokna i dei tre noverande kommunane, og Kjell Olav Høstaker Nordheim er geistleg representant i nemnda og Øivind Fagermoen frå Balestrand er kommunal representant.

Kyrkjeveerje Jorunn Merete Haukås-Eide er prosjektleiar, og eventuelle spørsmål kan rettast til ho.

Minnelund

Frå tid til annan har me informert litt i kyrkjelydsbladet om kva ein minnelund er for noko. Innimellom har det likevel kome ynskje om at me igjen skriv om dette. Difor litt om dette no.

Ved Stedje kyrkjegard i Sogndal vart det laga ein minnelund for anonyme graver i 2008 – fotrinnsvis for fortidleg fødde born og abortar. Minnelunden er open for gravlegging av denne typen bærer ogso frå dei andre sokna i prostiet.

Minnelunden er skilt ut frå resten av kyrkjegarden ved hjelp av ein hekk, og merka med eit skilt der det står "Minnelund" ved inngangen til området. Inne på området er det sett opp ein stein, som skal vere felles minnestein for dei som blir gravlagde inne på

minnelunden.

På steinen er det ogso festa ei lykt, slik at dei pårørande kan få høve til å kveikje lys dersom dei ynskjer det. Det vil ogso stå ein benk i nærleiken i sommarhalvåret. Steinen er merka med eit symbol for flamme, og skiltet har ogso fått det same symbolet. Flammen skal symbolisere overgangen frå ein tilstand til ein annan. Den er varmen, lyset, håpet og skaparkrafta. Den kan såleis akseptertast som symbol innanfor dei fleste trus- og livssynssamfunn, og minnelunden kan nyttast av alle. Minnelunden på Stedje er ein såkalla anonym minnelund. Det vil seie at det ikkje er høve til å setje opp eigne gravminner med namn på avdøde inne på området. Det er difor ein har ein felles minnestein i staden.

Minnelunden vart teken i bruk i 2008, og vår erfaring er at den er eit godt alternativ for dei som kjem i ein situasjon der dei vil trenge den. Det er framleis ogso mogleg at denne typen bærer vert sett ned i familiegraver ein har frå før.

Bispevisitas

Frå tysdag 24. til torsdag 26. april, samt søndag 29. april 2018 skal det vere bispevisitas i Sogndal og Leikanger. Førebuingane er alt i gang, og alle sokneråda skal samlast til felles planleggingsmøte 15. november. Det vil bli lagt opp til eit variert program under visitasen, mellom anna med ei fin visitasgudsteneste søndagen. Me håpar på fine dagar saman med biskop Halvor Nordhaug, og der flest mogleg frå kyrkjelydane ogso blir med. Halvor Nordhaug vart biskop i Bjørgvin i 2009. Han leier det største bispedømet i landet, og er ogso biskop for dei norske kyrkjene i utlandet (Sjømannskyrkja).

Til slutt vil me ynskje alle ei GOD JUL og eit fantastisk GODT NYTT ÅR!

Venleg helsing

Jorunn Merete Haukås-Eide
kyrkjeveerje i Sogndal og Leikanger



Foto: Egon Askvik. Biletet er teke frå kyrkjehagen i Leikanger.

Stemningsfull Lucia-feiring

Luciafrukost er i kyrkja onsdag 13. desember.

Luciadagen i Leikanger er stemningsfull og er eit populært tilbod både for små og store. Dei som vil vera med, må stå opp litt tidlegare enn dei gjer til vanleg. Markeringa i kyrkja byrjar kl. 07.00.

Luciakoret kjem inn i den mørklagde kyrkja og syng Santa Lucia og fleire songar. Me bed Fader Vår (Vår far) og tenner lys.

Og så er det lussekattar, kakao, saft og kaffi.

Me treng born, konfirmantar og vaksne til Luciakoret.

Kantor Hallgeir og Anita Instefjord håpar på godt frammøte til øving i kyrkja tysdag 5. desember kl. 18. Send gjerne ein e-post til hallgeir@sogndal.kyrkja.no og meld på med namn og alder, eller berre møt opp på tysdagen.

Born kan ha med seg kvit kappe. Konfirmantar og vaksne får.





Julespelet

Det vert julespel i kyrkja på julaftan også i år.

Sidan julaftan 2014 har dramatiseringa av juleevangeliet gått heim hjå systrendingar. I fjor kom 700 personar til kyrkje på julaftan.

Julaftan vert det òg i år tre gudstenester; kl 12.00, 14.30 og 16.00.

Ingrid Askvik er instruktør, Hallgeir Westli Øgaard er musikalsk ansvarleg, og Monica Ugulsvik tek i mot påmelding til dei ulike rollane på mobil 90617319 eller e-post monica@sogndal.kyrkja.no.

Vi treng folk til desse rollane på kvar av gudstenestene:

- * Maria og Josef med Jesusbarn
 - * Augustus
 - * Kvirinius
 - * 2 soldatar

- * 12 englar (min. 9, max. 14)
 - minst 2 vaksne
 - minst 4 born
 - konfirmantar

- * 7 gjetarar (min. 5 maks. 8)
 - maks. 3 born
 - minst 1 vaksen
 - konfirmantar

Øvingar:

Tysdag 19. desember kl. 18: Englekoret
 Fredag 22. desember mellom kl. 18-21.30 :
 Generalprøver med 1,5 t pr forestilling.



Montering av orgelet i Stedje kyrkje

Orgelet er endeleg tilbake til Stedje kyrkje i oktober.

Totalt to lastebilar og ein trailer inneheldt alle delane som kom i denne omgang. Det var mange frivillige som var med og bar orgeldelar frå lastebilane og inn i kyrkja. Då siste lasset var lossa, kunne orgelbyggjarane frå Orgelmakerij Steendam endeleg byrja monteringa.

Seks tonn

Det er eit mektig byggverk som har reist seg på galleriet i Stedje kyrkje, ein konstruksjon som går frå gallerigolvet og heilt opp til taket, med vekt på nærare rundt seks tonn.

Til påske

Sjølv om orgelet nedanfrå no ser ferdig ut, er det ikkje spelbart enno. Den viktigaste komponenten for å få det til –sjølvve spelepulten – kjem ikkje før i februar. Då kan orgelbyggjaren byrja med å tilpassa klangen i pipene til kyrkjerommet i Stedje kyrkje, ein prosess som tar omlag 7-8 veker. Ein håpar at orgelet vil vere klart til påske 2018.

Tekst og foto: Hallgeir Øgaard Westli



Notis:

Bilete av det gamle orgelet

– Me er på jakt etter bilete av det gamle orgelet som stod i Stedje frå 1911-1967, seier Hallgeir Øgaard Westli. Dersom du har bilete teke i denne perioden som syner orgelet, blir vi svært glade om du tek kontakt med kyrkjekontoret.

Basar i Leikanger kyrkjelydshus



Glimt frå konfirmantarbeidet

Søndag 10. desember er det lysmesse i Leikanger kyrkje kl. 20.00. Med den gudstenesta rundar årets kull av første halvår som konfirmantar. Hovudinnhaldet i haust har vore to laurdagssamlingar, i høvesvis Stedje og Leikanger kyrkje, skaparverkstur i Sogndalsdalen og samtalegrupper i heimar i bygda. Nokre sentrale tema til no har vore «Gud – skaparen» og «Jesus Kristus – Guds son».

På alle gudstenester i haust har nokre av konfirmantane vore med som medhjelparar/medliturgar og hatt ulike oppgaver.



-Lønsjpause i kyrkjelydshuset under «Jesuslaurdagen» på Leikanger 4. november.



-Sogndalspresten Kjell Olav syner fram bildene konfirmantane laga på kyrkjelydshytta på slutten av skaparverksturen



-Konfirmantar i møte med «den store kvite flokk» på Skaparverkstur i Sogndalsdalen i september.

Glede og sorg

Døypte

01.10.2017 Arthur Jørstad Røysum


12.11.2017 Maren Louise Lunde

12.11.2017 Ella Lunde Tveita

12.11.2017 Mathea Skarsbø Nes

Gravlagde

22.09.2017 Else Signy Husabø



Kolbjørn Nord er ein mann som får ting gjort.

I soknerådet vart det teke opp at ein skulle ha fiksa rampen i kyrkjetrappa for å gjera den sikrare og meir brukarvennleg. Resultatet let ikkje venta på seg etter at Kolbjørn og medhjelparane hans tok saka. I same slengen fekk rampen inn til Kyrkjelydshuset seg ein naudsynt oppgradering.

Me er takksame for innsatsen!



Billetter til julespel

Julespelet Julenatt i Leikanger vert framført kl.12, 1430 og 16 på julaftan.
Til kvar framføring vert det lagt ut gratisbilletter.

Utdeling av billetter

Det vert utdeling av billetter inne på Saften laurdag 2. desember i samband med julegateopning/tenning av julegrana kl.15

Her skriv ein seg inn i manntalet og får utdelt billetter.

Deretter kan ein skriva seg og henta eventuelle tiloversbilletter i våpenhuset i kyrkja, eller legge tilbake billetter ein ikkje kjem til å bruke.

God jul og godt nytt
år!

 **LEIKANGER Fjord Hotel**
Tlf: 57 65 60 20

 **Leikanger Auto**
Leikanger auto
Telefon 576 53 100

post@leikangerauto.no
www.leikangerauto.no

Støtt våre
annonsørar-
dei støttar
oss!

**SOGNEFJORD
HOTEL** 
Tlf: 57 65 11 00

Sogn 
gravferdshjelp

Telefon: 57 68 14 77 (heile døgnet)
E-post post@sogngravferdshjelp.no

Kjell Grønli
Hans Magne Kvåle
Hege Urnes
Ingar Husum


*sparebanken
sogn og fjordane*
Tlf: 57 82 97 00
www.ssf.no




Sogn Kontorsenter
Leikanger - Årdal
57 67 66 99
www.sognkontorsenter.no

KIWI mini
pris
TIPPING - RIKSTOTO
08-22 (20)

**coop
prix**

Oppslagstavla!

Juleferie frå tysdagstreff og babysong

Tysdagstreffa har teke juleferie. Det same har babysong. Det blir oppstart igjen etter jul.

Frivillige gåver til kyrkjelydsbladet

Kyrkjelydsbladet er finansiert av frivillige gåver og annonseinntekter. Dersom du ønskjer å gje ei gåve til kyrkjelydsbladet er kontonummeret 3781.07.30316. Tusen takk til alle som bidreg til drifta av bladet!

«Kyrkjeskysse»

Kyrkjeskysse held fram som før: Me hentar på døra og køyrer heimatt etter gudstenesta. Tilbodet er gratis. Ikkje nøl med å ringe Sindre Børshem Ramung (976 82 499) om du ønskjer å bruke tilbodet.

Andakt på sjukeheimen

Siste andakt på sjukeheimen før jul er 13.12 kl 12. Andakta er open for alle.

Julefest

Soknerådet inviterer til julefest i Kyrkjelydshuset på laurdag 6. januar kl 16, det vil seie 13.dag jul. Det vert julesongar, andakt, mat og gong kring juletreet. Inngangspengar kr 50.

Basar

Torsdag 2. november var Kyrkjelydshuset fullsett av folk i alle aldrar. Det var tid for den tradisjonelle basaren, med loddsal og åresal til inntekt for Kyrkjelydshuset. Basarnemnda hadde på førehand kontakta privatpersonar og bedrifter, som resulterte i svært mange og flotte gevinstar. Konfirmantforeldre og andre stilte opp med kaker og gjærbakst. Basarnemnda og

soknerådet ynskjer å rette ein stor takk til alle som kom på basaren, til alle som bidrog med gevinstar og heimebakst og til Vegard Bondevik Lie som heldt andakt. Netto resultat vart kr 28 600. Basarnemnda besto av Jorunn, Tone, Gerd og Bjørg.

Takkoffer via VIPPS

Framover kan ein gje takkoffer i kyrkja sjølv om ein ikkje har hugsa å ta med seg kontantar. Har du med deg mobilen, kan du bruke appen VIPPS til å ofre. VIPPS-nummeret er 136868.

Midnattskonsert

Leikanger Musikklag held tradisjonen tru Midnattskonsert i Leikanger kyrkje 1. juledag kl. 23.00.

Solist og dirigent: Dora David.

Høve til å gje kollekt til drift av musikklaget.

Vikarierande prost

Jermod Hausberg, som dei siste åra har arbeidd som sokneprest i Aurland, har gått inn som konstituert prost i Sogn så lenge prost Kjetil Netland er sjukmeld. Leikangerpresten Vegard Bondevik Lie er peika ut som geistleg medlem i Balestrand sokneråd. Han er òg kontaktperson ved behov for prest i Balestrand.

KYRKJEKALENDAR

Januar-mai 2018

Januar

Søndag 14. januar – andre søndag i openberringstida

Mark. 1, 3-11

Kl. 11.00. Sokneprest Vegard Bondevik Lie og organist Hallgeir Øgaard Westli.

Onsdag 24. januar – onsdag før såmannssøndag

Mark. 4, 26-34

Kl. 19.00. Salmar og kaffi. Sokneprest Vegard Bondevik Lie og organist Hallgeir Øgaard Westli

Februar

4. februar - Kristi forklåringsdag

Mark. 9, 2-13

Kl. 11.00. Utdeling av 11 årsbok. Sokneprest Vegard Bondevik Lie og organist Hallgeir Øgaard Westli.

18. februar – første søndag i fastetida

Matt. 16, 21-23

Kl. 11.00. Sokneprest Vegard Bondevik Lie og organist Hallgeir Øgaard Westli.

Mars

Søndag 4. mars – tredje søndag i fastetida

Mark. 9, 17-29

Kl. 11.00. Sokneprest Vegard Bondevik Lie og organist Hallgeir Øgaard Westli.

Søndag 18. mars – Maria bodskapsdag

Luk. 1, 46-55

Kl. 11.00. Sokneprest Vegard Bondevik Lie og organist Hallgeir Øgaard Westli.

Torsdag 29. mars – skjærtorsdag

Luk. 22, 14-23

Kl. 19.00. Påskesalmar og kaffi. Sokneprest Vegard Bondevik Lie og organist Hallgeir Øgaard Westli.

Fredag 30. mars – langfredag

Mark. 14,26 – 15,37

Kl. 19.00. Pasjonsgudsteneste. Sokneprest Kjell Olav Høstaker Norheim og organist Hallgeir Øgaard Westli.

April

Søndag 1. april – første påskedag

Matt. 28, 1-10

Kl. 11.00. Sokneprest Vegard Bondevik Lie og organist Hallgeir Øgaard Westli.

Søndag 8. april – andre søndag i påsketida

Joh. 21, 15-19

Kl. 11.00. Barnas påskefest med utdeling av 6-årsbok. Sokneprest Vegard Bondevik Lie og organist Hallgeir Øgaard Westli.

Søndag 22. april – fjerde søndag i påsketida

Joh. 13, 30-35

Kl. 11.00. Sokneprest Vegard Bondevik Lie og organist Hallgeir Øgaard Westli.

Tysdag 24. april

Kl. 19.00. Salmar og kaffi. I samband med bispevisitasen.

Søndag 29. april – femte søndag i påsketida

Luk. 13, 18-21

Kl. 11.00 i Stedje kyrkje. Bispevisitas.

Mai

Søndag 6. mai - sjette søndag i påsketida

Matt. 7, 7-12

Kl. 19.00. Ung messe og samtalegudsteneste. Ungdomsprest Andreas Danbolt og organist Arild Slinde.

Søndag 13. mai - søndag før pinse

Joh. 3, 16-21

Kl. 11.00. Sokneprest Vegard Bondevik Lie og organist Hallgeir Øgaard Westli.

Torsdag 17. mai – Noregs nasjonaldag

Matt. 22, 17-22

Kl. 10.15. Sokneprest Vegard Bondevik Lie og organist Hallgeir Øgaard Westli.

Søndag 20. mai – pinsedag

Joh. 14, 15-21

Kl. 11.00. Konfirmasjon. Sokneprest Vegard Bondevik Lie, ungdomsprest Andreas Danbolt og organist Hallgeir Øgaard Westli.

Kl. 13.00. Konfirmasjon. Sokneprest Vegard Bondevik Lie, ungdomsprest Andreas Danbolt og organist Hallgeir Øgaard Westli.

Søndag 27. mai – treeiningsøndag

Luk. 10, 21-24

Kl. 11.00. Sokneprest Vegard Bondevik Lie og organist Hallgeir Øgaard Westli.

Juni

Søndag 17. juni - fjerde søndag i treeiningstida

Matt. 16, 24-27

Kl. 11.00. Sokneprest Vegard Bondevik Lie og organist Hallgeir Øgaard Westli.

! Sjå oppdaterte gudstenestelister på <http://www.leikanger.kommune.no/kyrkjekalender.4850977-172067.html>